

VÅR HAUGBUEN

MINIKORET 40 ÅR
SIDE 13

NM PÅ ELGANE
SIDE 16

NEOPARTY VBU
SIDE 22



SVALA 4H UNDER OPEN HIMMEL
SIDE 15

Kyrkjetabbe

Det hender fire gonger i året at eg får ein telefon frå *Varhaugbuen* sin eminente redaktør. Ho er alltid fjåg, og spør om å eg har noko til bladet denne gongen òg. Det har eg, men som alltid blir det sånn hengen og sprengen i siste liten. Takk til Liv for tolmodet, telefonsamtalane, og takk for den fantastiske jobben du gjer for å halde liv i bygdebladet vårt!

Av og til får eg tilbakemelding på ting eg har skrive. Særleg dersom eg har tabba meg skikkeleg ut. Det fekk eg verkeleg erfara i førre nummeret då eg var så hovdalaus at eg presterte å skriva i ein billettekst at oldemor og oldefar, Lette og Kristian Chr. Skretting-land gifta seg i kyrkja på Odland fredag 27. mars 1896.

Til ungdommen

Ein ettermiddag på tur langs sykkelstien på Varhaug tok eg att ein eldre mann. Han såg ut som ein typisk jærbu - skeiv i ryggen, tynnkledd og merkt av eit langt arbeidsliv. Han minna om ein gammal gjerdepåle ute i vêret på Jæren: sliten, men framleis ståande. Då eg passerte han, slo det meg at eg såg litt av sjølve livet.

Mannen vart konfirmert for rundt seksti år sidan. Denne kvelden handla det om ungdomane som no stod framfor sin eigen konfirmasjon, med livet framføre seg.

Eg bur i Stasjonen på Varhaug og går ofte forbi ungdomar som samlar seg utanfor Extra om kveldane. Dei står der med sykklar, sparkesyklar og mobiltelefonar. Nokre går i varmedress, andre er altfor tynt kledde i vinterkulden. Eg kjenner ofte på eit behov for å seia noko omsorgsfullt: ta vare på dykk sjølve og kvarandre, bruk hjelm, ikkje frys. For ungdomane har ein uendeleg verdi. Dei er framtida vår.

Vakne lesarar, og dei er det mange av, kunne med rette (og kanskje med litt skadefryd) melda tilbake at det var inga kyrkje på Odland i 1896. Dei har sjølv sagt rett. Vigsla gjekk føre seg i den einaste kyrkja me hadde i 1896, Varhaug kyrkje, som stod der kapellet i dag står på Varhaug gamle kyrkjegard. Den nye kyrkja på Odland vart teken i bruk etter at ho vart vigsla søndag 7. desember 1904.

Sidan me alt er i kyrkja kan det kanskje høva med eit kort samandrag av ein enkel tale til ungdommar som vart konfirmert i Varhaug kyrkje våren 2026:



Sjur Håland

I talen snakka eg også om kor annleis konfirmasjonen var før. I riktig gamle dagar stod konfirmantane rangerte etter kor flinke dei var til å pugga eller etter den sosiale statusen til foreldra. Nokre vart flytta fram, andre ned. Dei som sleit mest, stod nedst. Konfirmasjonen markerte overgangen frå barn til vaksen, og mange ungdomar måtte rett ut i arbeid etterpå. Det kunne vera brutalt.

I dag er mykje betre og friare. Samstundes er ikkje livet nødvendigvis enklare. Livet kjem til å by på både glede og motgang. Av og til går det godt, andre gonger går det på trynet. Men då må ein reisa seg att og gå vidare.

Det viktigaste rådet til ungdomane var enkelt: Snakk med folk. Bruk dei menneska de har rundt dykk. Ingen skal bera livet åleine. Kyrkja skal vera ein stad der det finst rom, håp og ein himmel over livet.

Og ein dag er det kanskje de som går der framme på sykkelstien – medan nokon yngre kjem bak og tek dykk att.

Middag på Undheim

For *Varhaugbuen* er det bygda vår som er verdas navle. Det er heilt naturleg og slik det skal vera. Men eg tenkjer dei Onnai verkeleg fortener litt heiderleg omtale.

Dei burde hatt minst éi Michelin-stjerne til å henge på veggen på det tidlegare meieriet på Undheim. Den vesle grøne bygda i Time har eit unikt kjøkken i bygningen som for mange tiår sidan vart ombygd og omdøpt til Undheim samfunnshus.

Ingrediensane er henta frå det beste i ei bygd der samhald og dugnad er sjølve grunnplanken i tilværet. Det er tradisjonsmat som står på menyen. Slik ein mat som vart rekna som festmiddagsmat før i verda, og som folk veit å setja pris på.

Du kjenner lukta av saus og steik med det same du stig inn i lokalet. Rett innafor døra betalar du for måltidet til ei fjåg dame som sit ved eit lite bord med kasse og terminal. Så er det berre å stilla seg i den effektive køen, plukka med deg ein tallerken på størrelse med eit gammaldags vaskevassfat, og lø på frå ilåt med store auser av det hjarta og magen og augo vil ha.

Skal du gifta deg?

Med vasstrøbbel, fargelaust hår og varierende øyresus skulle ein tru det er heilt pyton å dra på åra. Det er slett ikkje sant. Eg skal ikkje vri absolutt alt til det positive, men eg byrjar å sjå ting i eit anna lys enn før – og det er jo positivt i seg sjølv.

Opp gjennom åra har eg sett på gamle folk med ein viss skepsis. Til dømes når den gamle og ho gamla har vore på besøk og skal knirka seg heim ein halv time før Kveldsnytt og siste værmeldinga. Når skoa skal på, har eg i tiår observert at begge står i gangen og veivar med armene på desperat jakt etter skohornet – kor det no måtte henga eller stå. Ikkje mindre merkeleg har det vore at seniorane alltid må hjelpa kvarandre med å finna siste ermet når kåpa eller jakka skal på.

Det har sett teitt ut. Eg har ikkje forstått kva det går i. Før no.

Steik av svin, storfe eller lam. Kjøtkaker. Alt av tilbehør. Karamellpudding eller sviskegraut med strøsukker og fløyte frå verdas største fløytemugge. Eit kakestykke eller tre. Møn så av det heile med ein kopp med kaffi som er så god som kaffi skal vera etter eit himmelsk måltid.

Og medan du sit der og nyt søndagen, kan du prata med dei du et i lag med. Eller du kan høyra på summinga frå praten rundt dei andre borda. For nokre søndagar sidan var det våronn og lemming det gjekk mest i blant dei vaksne. Ein gjeng med ungdommar sat ved eit bord og prata halvhøgt om kva dei hadde vore ute på kvelden før. Det skal eg ikkje referera her.

Når folk samlast slik, blir det gjerne tid til å kikka rundt og oppdaga personar du ikkje har sett på ei stund. Då blir naturlegvis folk og slekt tema blant dei eldste.

Lei av taco og nachos og guacamole? Prøv Jæren på sitt beste, Undheim Samfunnshus, neste søndag dei serverer middagsbuffet.

No er eg der sjølv. Det kan faktisk vera ganske strevsamt å vri armen bak og få han opp i rett vinkel for å treffa hølet i jakkeermet. Hugs at medan denne operasjonen går føre seg, er du litt svimmel etter å ha putla med skoa. Og hugs vidare at dette skjer samstundes med at du skal takka vertskapet for ein aldeles strålande kveld. Og den sitronkaka, ja, ho feila altså ingen ting!

Å dra på åra betyr opplevingar yngre folk går glipp av. Som ein kveld her forleden då Hustru og eg hadde to barnebarn på overnatting. To gutar på fire og fem år.

Eg skulle ut om kvelden og stod på badet og dressa meg opp. Då eg kom inn i finstasen for å seia ha det, sat dei komande ingeniørane på golvet og bygde med klossar. Dei stoppa og kikka opp.

Så kom det frå den eine knallen:

«Skal du gifta deg, morfar?»

Denne stubben er gjenbruk frå Bondevennen.

HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut

Stasjonsveien. 14,
4360 Varhaug

Mob: 41 27 66 79

Timebestilling 51 43 13 69

Sørskogvegen 8, 4364 Sirevåg

Tlf 48 50 97 80

post@abror.no

Jan Gunnar Undheim - Varhaugvegen 89, 4360 Varhaug

Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 06 27 - jagunnau@online.no

SERVICE • DELER • REPRASJONER

Norsk Folkehjelp Hå

I januar i år flyttet Norsk Folkehjelp Hå inn i lokalene til Stueland Næringsbygg. Møterom, kursrom sanitetsdepot og lager er i andre etasje, der Hubben var tidligere. Ellers disponerer laget 4 plasser i «bobil» garasjen. Takk til en veldig hjelpsom huseier.

Norsk Folkehjelp Hå ble stiftet i 2017. Laget har nesten 200 medlemmer. Hovedområdene det jobbes med er beredskap, sanitet, kurs og opplæring.

Til tross for sin unge alder, har laget klart å skaffe en imponerende utstyrspark. Det er to beredskapsambulanser, en beredskaps/mannskapsbil, samt en KO-vogn. Denne brukes til å lede leteaksjoner, og større vakter på arrangement. I tillegg har laget det meste som trengs av søk og redningsutstyr.

I 2025 deltok Norsk Folkehjelp Hå på over 25 leteaksjoner. Mange tror at leteaksjonene ofte er etter savna turfolk. Men det er dessverre oftest snakk om enten demente eller psykisk syke personer.

I fjor hadde laget over 6500 timer med frivillig vakt og redningsarbeid. Det er mye vakter på motorsport arrangement. Laget i Hå har spesialisert seg på det, og trener spesifikt på redning og evakuering av forskjellige rally og løpsbiler.

I 2025 var vi med å flytte pasienter fra gamle til nye SUS. Vi får neppe oppleve flytting av et stort sykehus igjen. Ellers er vi med sykehuset på pasienttransport, når det er behov. Vi har en beredskapsavtale med kommunen, og er en viktig brikke i beredskapsplanene. Dette har ekstra mye fokus i år, i totalberedskaps året.

Laget har en egen sanitetsungdoms gruppe, som har ukentlige samlinger i lokalene i Ånestadvegen 23. Ungdommene trener på førstehjelp, lærer litt kart og kompass, og har mange kjekke aktiviteter og utflukter.

Det er mye kurs og opplæring. Det trenes hele tiden. Hittil i 2026 har Norsk Folkehjelp Hå arrangert 20 førstehjelpskurs for foreninger og private bedrifter. Mye av fokuset her er praktisk trening på hjerte- lunge redning, og bruk av hjertestarter. Det at vi til nå i år har hatt trening med 300 personer, er et viktig bidrag til folkehelsen.

Det har og kommet på plass en utvendig montert hjertestarter i hovedinngangen til lokalet. Denne er beskyttet med kodelås, men er tilgjengelig for alle som trenger den. 113 har koden. Takk til Lions Club Hå for støtten til Hjertestarteren.



Sjakk for alle

Jæren sjakkklubb held til på Bryne VGS og spiller på onsdagar. Vi spiller i personal-kantina i første etasje i A-bygget, frå kl 1800 til bortimot 2200. Men ikkje i skuleferiar. Det er lagt opp til at vi har en times opplæring for nye fra kl 1800-1900.

Årskontingent er kr 750 for voksen over 20 år, kr 350 for juniorer og 200 for yngre sjakkspelarar opp til 14 år. Då vert ein medlem i Jæren sjakkklubb og Norges Sjakkforbund og kan delta i sjakkturneringer overalt. (halv kontingent for dei som vert medlem på hausten)

I mange år har Hå skulesjakk arrangert Hå-mesterskap i sjakk for skuleelevar som bur i Hå eller var medlem i klubben. No er det Jæren sjakkklubb som arrangerer dette årlege sjakkmeisterskapet. I år deltok 38 unge sjakkspelarar, 8 fra Vigrestad skule, 3 frå Varhaug skule og heile 27 frå Jærtun skule. Av desse 38 unge spelarane var det 8 jenter!

Hå-mesterskap speles i tre grupper: nybegynnarar, «Kan litt» og mester. Hugs at her betyr ikkje mester at dei er i verdstoppen, - berre at dei har spelt sjakk ei stund og kan mykje meir enn ein nybegynnar! Mesterklassen spiller med sjakklokkar, nybegynnarar utan klokker. Alle får premier, - og me har pizza og brus gratis både til dei som spiller og til familie og vener som ser på.

Den skulen der vinnarane går på får oppbevara vandre-pokalar til neste Håmesterskap. Når same skule har fått tre napp i ein vandrepokal, så vert den ståande på skulen og me må ordne ny pokal. Pokalane vert sponsa av ei av bedriftane i Hå, og navn på bedrift og

navn på vinnar og skule vert gravert inn på pokalane. Den vandrepokalen som har fått flest navn og årstal, var nybegynnerpokalen frå 2009 som i 2023 vart ståande fast på Vigrestad skule.

Sjå bilete frå årets Håmesterskap. her er navn på dei tre beste i kvar klasse:

klasse mester

1. Torben Hadland, Vigrestad
2. Henrik Garpestad, Jærtun
3. Agnar Aarsland, Jærtun

klasse «kan litt

1. Birk Kylløvik, Jærtun
2. Lukas Nesvik, Jærtun
3. Sakarias Berland, Jærtun

klasse nybegynnar

1. Johannes Stavnhim Torsvik, Vigrestad
2. Magnus Holen, Vigrestad
3. Elias Hjellevik, Jærtun

På klubbkveldene på onsdagane spiller vi ulike turneringer. Siste spilledag før sommerferie er 10. juni.

I opplæringsgruppa er det 8-10 gutter med, - enkelte gang også ei eller to jenter.

Velkommen til klubben. Klubben har egen internettside: <https://www.Jaerensjakk.no>

Og klubben har facebookside «Jæren Sjakkklubb».

(sjå <https://www.facebook.com/jaerensk/>)

Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid





Hele Varhaug ber - felles bønneveke på Varhaug

Frå 9. juni til 14. juni, veke 24, går Varhaug kyrkje, Sentrum menighet og Varhaug misjonskirke saman om å be uavbrote for bygdene våre og landet vårt. Det vil vera bønnerom på Varhaug misjonshus frå og med 00:00 tysdag 9. juni til og med 21:00 sundag 14. juni. Allereie no kan ein leggja inn kva tid ein ynskjer å ha bønnetid på bønnerommet - dette gjer du på heimesida til ein av organisasjonane, eller gå inn på qr koden som står på plakaten.

Denne veka vert det og fire felles arrangement i tilknytning til felles bønneveke.

Tysdag 9. juni vil det vera opent bønnehus på Ueland Forsamlingshus

Kl. 18:00 - Dørene opnar

Kl. 19:00 - Felles bønn for Rogaland på parkeringsplassen

Kl. 20:30 - 21:30 Bønnemøte

Kl. 22:00 - Tur til og felles bønn på Snøden, oppmøte på Holmavatn

Mulighet for å be på forsamlingshuset heile kvelden

Torsdag 11. juni blir det bønnevandring på Varhaug. Vi går rundt i bygda og ber.

Kl. 18:00 - Oppmøte Varhaug Misjonshus

Laurdag 13. juni inviterer Varhaug Kristelige Ungdomslag til lovsongskveld for alle

Kl. 20:00 - Varhaug Misjonshus

Sundag 14. juni blir det felles avslutning med song, bønn og delekveld

Kl. 21:00 - 24:00 - Varhaug Misjonshus

Alle er velkommen til alle samlingar denne veka.

Eller du kan vera med på dei delane som passer for deg.

Kontaktpersoner:

Varhaug Kyrkje - Turid Boganæs - tlf 906 89 614

Varhaug Misjonskirke - Jan Erik Vagle - tlf 920 98 783

Sentrum Menighet Varhaug - Tom Magne Ueland - tlf 958 49 889.



Alpha-kurs på Varhaug Misjonshus

Ca 25 år sidan sist det var Alpha- kurs på Varhaug, starta vi oppatt hausten 2025. Tilsaman 27 personar samla seg kvar mandag i matsalen til to timar med mat, fellesskap, undervisning og samtale. 10 kurskvelder og ein Alpha- laurdag.

No er det kanskje din tur??

7. september startar vi opp nytt kurs, og DU er hjarteleg velkommen til å bli med. Kurset er laga for dei som vil lære meir om Jesus, og passer for alle uansett

forkunnskaper. Kurset tek for seg nokre av dei sentrale spørsmåla i den kristne trua. Dette er ei god anledning til å be med deg ein nabo, venn, kollega eller slektning til godt fellesskap og samtalar om meininga med livet.

Påmelding til:

Anne Birgitte L. Bøe 97100737 eller gå inn på sentrum-menighet.no og fyll ut skjema

Hjertelig velkommen!



LU/NM for rasekaniner og NM for kaninhopping



Varhaughallen 27. feb. - 1.mars

For 2 år siden så ble tanken luftet blant de 100 medlemmene i lokalforeningene i Rogaland; var det snart vår tur til å arrangere en stor landsutstilling igjen. Vi har tidligere arrangert på Figgjo, Atlantic hotel og Vigrestadhallen. Men etter mange lokal utstillinger i Varhaughallen, så ble denne foretrukket denne gang. Den fungere godt til dette formålet, og er stor nok til et slikt stort arr. Søknad ble sendt og på forbundstinget på østlandet i 2024 fikk vi tildelt arr for 2026. Planleggingen ble raskt satt i gang og mye dugnad ble utført på blant annet bur som trong en oppskeining. Vi har vært en komité på 10 personer som har hatt ansvar for alt fra halloppsett, kiosk, reklame, bur, hopping og rydding.

3 uker før utstilling så går frist for å melde på kaniner til utstillingen, ut. Då vet vi antallet og kan bestille rett antall dommer. Vi måtte denne gang ha en overdommer, 4 gruppeoverdommere og 12 dommere. Vi har og en dommerelev som gikk opp til eksamen, og ei som startet sin læretid. Vi har ca 950 bur på Varhaug og på Forus, så vi måtte opp til Haugesund å låne 100 til. Det ble påmeldt 960 kaniner i 35 forskjellige farger, størrelser, tegninger og varianter. Den minste dvergharen er under 1 kg, og til den største Belgisk kjempen på over 8 kg. Samtidig så ble det påmeldt 86 kaniner til kaninhopping, og disse trenger også bur. Flere av tilreisende her og kommer fra Trøndelag, Bergen, Rogaland og østlandsområdet. Dermed må alle ha egne bur mellom konkurransene.

Onsdag ettermiddag startet vi med opprigging, og alle bur ble tilkjørt. Vi var 32 stk som stod klar for rigging, og etter ca 4 timer var alle bura oppe. Torsdag ble brukt til pynting og gjør det klar for innsett av kaniner som er på kvelden. Flere har reist i mange timer for å være med på dette, og då er det kjekt at vi kunne skilte med ett snø- vind- og regnfritt Varhaug.

Fredag kl 1000 er oppstart på bedømming av kaninene. Hver dommer dømme ca 70 kaniner hver, og gruppeoverdommerene har 30. Overdommer dømmer ingen dyr, men er med å ser på alle dyr som skal opp i topp score på poengscalaen. Det er tilbærere, så alle dommerene står mitt i hallen og får tilbært neste kanin. Diskusjonene går bra, og poengen deles ut. Kl 1200 stoppe vi opp for å høre Tønes åpne utstillingen. Han var så imponert att han glemte å gå og var igjen flere timer etter åpningen. Bedømmelsen fortsette frem til det alle er ferdige med sine tildelte dyr. Då blir kl fort 1600, og vi skal ta ut best in show dyret. Dette velges av dei best premierte dyra, denne gang 10 hanner og 3 huer i 96 p. Etter flere runder så blir det en liten dverg vedder fra Bergen som vinner. Dagen avsluttes med forbundsting på Hotel Jæren for Norges Kaninavlsforbund.

Lørdag er en slik show dag, der også publikum får lov til å dømme i typeshow. Hallen var meget godt besøkt både lørdag og søndag, så mange fikk lapp til å stemme på sin favoritt. Flere kaniner ble tatt ut for å klappe på, og det syns både barn, foreldrene og besteforeldrene er gøy. Dagen avsluttes med en sosial samling der vi har litt god mat og drikke samt utdelinger av diverse hederstegn.

Søndag er ny publikum dag med fremvisning av kaniner, klapping og kos samt premieutdeling. Når denne er klar så pakkes alle dyr ned og reise hjem til sine gamle eller nye eiere. Mange kaniner bytter eier på akkurat denne utstillingen, og skal hjem til sine nye eiere. Etter nye 4 timer så er alt ryddet ned og vi kan puste lettet ut. Vi har levert en flott utstilling og kan nå gi stafettpinnen videre til annet lokallag som skal arrangere neste år.

Svein Ødegård

Nytt frå Misjonshuset

Som nevnt sist: Det med Alpha er en god måte å komme inn i det kristne budskapet og bli kjent med Jesus. Til høsten planlegges et nytt Alpha-kurs,- følg med og meld på. Her er link: <https://sentrum-menighet.no/delta/fokussamlinger/alpha-kurs-kven-er-jesus>

Ei lita uke i juni settes av til å «be for Norge» 24/7, 9. til 14. juni. Misjonshuset har eit eige bønerom,- det vert no pussa opp. Oppussinga vert ferdig til denne bøneveka. Se på heimesida til misjonshuset og få informasjon og meld deg på ein time. Dette er eit samarbeid med Varhaug kyrkje, Sentrum menighet på misjonshuset og Varhaug misjonskirke.

Dei nye møteroma i 2. etasje vert nytta til styremøter og komitemøter og kontor.

Me har hatt noko problem med heisen grunna uvetting «leik». Det vil verta ordna med at ein eigen nøkkel eller kodebrikke må trykkes for å kunne bruke heis.

Ungdomslaget held fram med samlingar medan det ellers vert ganske stilt på misjonshuset i sommermånadene.

Styret planlegg eit større arbeid på kjøkkenet der golvet må fornyast. Kokeutstyr og vask vert fjerna slik at kjøkkenet ikkje kan brukast før i midten av august. Dermed er me kome i ein situasjon der det kan verta vanskeleg å halda minnemøte eller selskap frå midten av juni.

Me har no 8/5 fått melding frå kommunen at dei vil seia opp avtalen om open barnehage på misjonshuset frå 1. august. Då passar det godt å minna om dette: For foreldre med små barn har misjonshuset homlebølet i kjelleren kvar tirsdag 0900-1100 utanom skuleferier.

Sjå elles program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51 43 08 08. Det er berre 1 time og ikkje ope i juli. Dei som har vakt vil viderekopla telefonnummeret til deira egne mobiltelefonar.

Hugs at ein kan tinga rom ved bruk av internett:

https://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkommen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid



FRÅ REDAKSJONEN

I dag 10. mai, hadde eg tenkt eg skulle starta med «å sy saman bladet». Det var jo 2 dagar sidan fristen for innlegg, så eg tenkte PC'n var ganske full. Og eg må levera kladden til trykkeriet 18. mai, for å få bladet trykt slik at det kan koma ut før Varhaugmarken. Det har vore tradisjon i mange år; blad nummer 2 skal ut før Marken!

Men kva fann eg på PC'n? - Ingen ting!!

Eg vart veldig lei meg. Gidd eg dette lenger? Er det ikkje på tide å «pensjonera» meg, og finna ein ny redaktør?

Men så var eg ute til middag, og etterpå kom humøret seg noko. Det kom inn litt stoff, og eg vart lova meir i morgon.

Det må nemnast at det hadde kome fleire innlegg før fristen gjekk ut, men eg sakna eigarlag!

Det er alltid litt klatt med blad nummer 2. Det skal ut før Marken, men koss er det med dei raude dagane? Det er dei som lagar litt kluss av og til i høve til trykking. Men det ordnar seg alltid til slutt, men av og til er det litt «trøttanne»

Men eg vil i alle fall ynskja alle lesarane ein fin sommar!

Liv



Kalde vår

I grunnen er vår ei merkeleg greie. Eller kanskje me skal sei at veret er ei merkeleg greie. I skrivande stund så er me så vidt kome over i mai, den finaste månaden av alle tykkjer nå eg. Dei melde at det skulle regna i dag, så derfor heiv eg ut litt gjødsel i beda i går. Og eg gjorde meg klar for naudsynt arbeid inne i huset. Sånt arbeid som eg ikkje likar. Eg har stort sett greidd å få unna det eg skulle og endå er det berre nokre få dråpar som er kome ned.

I grunnen har våren vore litt treg i år. Det har vore vått og kaldt og mykje vind. Siste veka i april har vore betre. Eg trur det er mange bønder som fekk gjort ein god innsats desse siste dagane. Det har dura i traktorar og lukta skit over alt. Fuglane er i rute. Dei kvitrar og syng og er i full fart med reir og legging av egg. Anten er det skjora eller kråka som kavar og skal få til eit reir høgt oppe i ei lønn. Mykje av kvistane ramlar ned att på marka, så eg må rydde etter dei gong på gong. Eg lure på om dei driv med nattarbeid, for eg merker ingen ting på dagtid. Svalene er komne og styrer på for fullt. Nå er eg spent på om dei held seg der dei skal. Livet deira er travelt.

Når regnet får vaske av støv så verte lufta betre og friskare. Bjørketrea får ei fantastisk god lukt etter regn. For dei som er allergiske mot pollen er nok ikkje våren så god. Me som slepp unna den plaga får gled oss ekstra over våren.

Enno ein gong fekk eg vetren å sjå for våren å røma; heggen og tre som der blomar er på, eg atter såg bløma. A. O. Vinje

Etter kvart som eg blir eldre så tykkje eg at det er fantastisk at eg ennå ein gong skal få oppleve våren. Det er ikkje sjølvst. Sjølv om det er kaldt og blåsande så er det noko heilt spesielt med alt som vaknar til liv att etter ein kalde vinter. Hestehov, løvetann og kvitveis er sikre vårteikn og like kjærkomne kvar vår. Sau og lam som kjem ut på beite og der lamma spring litt våryre og kanskje litt forvirra rundt, om ikkje mora er i nærleiken. Eller kuslepp den første dagen der dei skjenar og sprett med bakføter og hale rett til vers. Ja, det er herleg for oss som bur midt i det. Til tider kan skitlukta rive vel mykje i nasen, men det gjere godt for det som skal vekse og bli til mat for både dyr og menneske.



BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79



**KJÆRNEBORING
BETONGSAGING**
Rilling av spaltebunn, Graving og drenering, Senking av kjeller, Utnivåing av flis, Egit Haland 416 99 617 www.Toppaland.no toppaland@gmail.com



FARGERIKE
Halvorsen

Hestablommane



Dei heiter jo løvetann, er gule og fine, og lyser fint opp i vegkantane overalt på denne tida. Dei høyrer med til årstida, men det er eit stort MEN med dei. Når dei får stå så lenge i vegkantane, før vegvesenet slår dei, får dei «fræa» seg. Då er det ikkje gildt for bøndene når kjelva vert gul av løvetann. Og dei med hage langs vegen, er nok heller ikkje så veldig glad i dei. Men dei fleste av oss er nok eining i at det er eit godt vårteikn, når me finn den første hestablommen: «**Nytt liv av daude gror**» . Liv

Den gamla kyrkjegarden ved havet



Eg hadde i lang tid klaga til ordføraren, og sendt med bilde av den gamle «miserable» oppslagstavla på parkeringsplassen. Eg møtte han på ei tilstelling i vår, då han sa: «Nå er det bestilt ny oppslagstavle, og når den kjem, skal eg senda deg bilde. Og det gjekk ikkje lenge før eg fekk bildet. Her får ein både informasjon om Kongevegen og kyrkja. Takk og takk! Det var mest så eg nynna med meg sjølv: Ja, dette har eg venta på så lenge..... (Men eg er nok ikkje heilt nøgd, før parkeringsplassen vert asfaltert, så me slepp alle «sorpehåla» kvar gong det regnar). Liv

Desse laga står bak Varhaugbuen:

- VARHAUGBUEN**
- Varhaug bondelag,
 - Varhaug bygdeungdomslag,
 - Varhaug bygdekvinneag,
 - Svala 4H,
 - Varhaug Misjonshus,
 - Varhaug Bedriftsforening,
 - DNT Edru Livsstil,
 - Vennelaget for Lerbrekk Skule,
 - Elgane Motorsykkel klubb,
 - Varhaug Pensjonistlag og
 - Vennelaget for Lennsmannsløå

- Styret:**
- Leiar:**
Glenn Skretting - bedriftsforeninga
- Sekretær**
Per Arvid Jakobsen - Misjonshuset
- Kasserar**
Brit Obrestad - Lerbrekk skule
- Styremedlem**
Sondre Risa Ånestad - Svala 4H
- 1. vara**
Eirik Høyland - Hå karateklubb
- 2. vara**
Tone Aanestad - Vennelaget for Lennsmannsløå





Dugnad i Lensmannsgarden Vel

Tirsdag 5. mai samlet store og små seg til dugnad i Lensmannsgarden vel. Det ble luket, beiset og klippet godt av busker og trær. Vellaget holder 4 lekeplasser på feltet, da er det godt med god hjelp. Det er kjekt å samles slik på tvers av generasjoner og å snakke litt med de som bor rundt i feltet. Etter dugnaden var det boller og brus til alle. To jenter hadde laget blomsterkrans til dem de mente hadde hatt best innsats på dugnaden. De heldige vinnerne ble Erlend Varhaug (57), Gustav Eckhoff () og Solvor Vikeså (3 mnd).

Vi vil takke alle som møtte opp for god innsats - og en ekstra takk til kommunen som stiller med det vi trenger av utstyr!

Styret i Lensmannsgarden Vel
Henriette Vikeså
Anne Skretting
Anne Margrethe Fauskanger

Minikoret 40 år

Mandag 4. mai fikk vi endelig feiret at Minikoret hadde fylt 40 år. Ifølge dagens taler, Martin Dyngeland, så var Minikoret de eneste som kunne få til å holde fest en mandag kl. 17 - foruten om «Vi over 60». Men for en fest det ble!

De sangglade barna åpnet festen med å gå inn i salen syngende på fødselsdagsangen, imens de viftet med flagg. Mye fin sang fra Minikoret satte rammen for det hele. Med det solide bandet vi har i ryggen så ble det skikkelig bra trøkk!

De tidligere dirigentene Linda Rosnes og Berit Skretting hadde pynta seg med jubileumsbriller for anledningen. De fortalte kort om historien til Minikoret, som ble startet av Gudrun Tora Norli Husveg i 1985. Jubileumet kom med andre ord et år på etterskudd - slik det ofte er når jubilarer skal feire seg selv.

Også ordfører Andreas Bjorland hadde takket ja til å bli med på feiringen. Og selv om han var litt misunnelig på de barna som fikk lov til å synge i mikrofon, så sa han at han ble i godt humør av å høre koret synge.

Han hadde nemlig selv ikke fått lov til å synge solo når han gikk i kor som barn. Ikke kunne han forstå hvorfor... Avslutningsvis roste han frivilligheten på Jæren - her er vi gode!

Martin Dyngeland holdt en veldig treffende, kort og god andakt for oss, med utgangspunkt i det afrikanske ordtaket "Vender du ansiktet ditt mot lyset, faller skyggene bak deg". Klokt ordtak.

Etterpå var det utdeling av blomster og gavekort til flere av de som hadde bidratt til at dette ble en så fin dag. En god gjeng hadde ordnet med grilling og teknikk. Når programmet inne var slutt fikk alle pølser og bursdagskake. Det ble mer enn nok til alle, selv om Misjonshuset var så godt som fullt denne ettermiddagen. Tusen takk til alle som kom og gjorde dette til en festdag. Nå ser vi frem til 50-årsjubileum!

NB!

Vi har plass til enda flere i koret, så hjertelig velkommen til nye sangere når vi starter opp igjen til høsten. Følg Minikoret på Facebook for informasjon om oppstart, eller sjekk plakater på Spar eller Extra. Koret er for de som går siste året i barnehagen og opp til og med fjerde klasse.

Få 5 vask til prisen av 3
Gjelder på utvalgte stasjoner med Tiger Wash.
Verdikupongene er kun gyldig med kvittering, stempel og signatur fra betjeningen.
Gyldig 1 år fra kjøpsdato.

PLATINUM 5 FOR 3
FÅ 5 VASK TIL PRISEN AV 3

Esso
Varhaug Servicenter A/S
Tlf. 51 43 02 33 • 4360 VARHAUG

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED





Medlemsmøte i bygdekvinnelaget februar

I februar inviterte bygdekvinnelaget til spelekveld. Vi lokka med at vi skulle kåra uoffisiell Varhaugmester i ludo, men vi hadde ikkje nok deltakarar til at vi kunne kalle det eit mesterskap. Men, vi hadde ei lita turnering og den var det Aud Marit Jelsa som vant og premien var ein pokal. Vi fekk og ei lita opplæring i eit gamalt spel som heiter Daldøsa (sjå bilde) Dette spelet er bare funne på Sør Jæren i Norge og i Thy i Danmark. Sidan dette gjekk føre seg i vinterferien, blei det spandert kvikk lunsj og appelsiner. Om vi ikkje var så mange, var det mykje «lått og lyd» og når vi gjekk heim blei det kommentert. Dette kan me godt gjera igjen.

Astrid

Varhaug Bondelag



Våren er ei travel tid bonden.

VARHAUGS
Pulsen
ÅPENT DØGNET
RUNDT MED
MOBIL ADGANG

Jærmester
BYGGER MED KOMPETANSE
www.jermester.no

JÆRMUR



Under open himmel

Torsdag 30. april var Svala 4H i Sveineskogen og sov under open himmel. Me hadde aktivitetar, bålkos og ein veldig kjekk kveld saman. Det vart ikkje så mykje søvn på alle, men litt fekk me til slutt.

Under open himmel er noko 4H-klubbar over heile landet er med på for å markera 4H-dagen og for å vera meir ute i naturen saman.

- Sondre Risa Aanestad

På Varhaugmarken skal Svala 4H ha stand med ansiktsmaling, melkeku og dyrking. Velkomen innom standen vår!





NM runde på Elgane

Elgane MSK var vert for årets 1.NM runde i motocross 9.og 10.mai. NM kjøres over 3 runder, og norgesmesteren kåres på den siste runden, I år skal også Kongepokalen deles ut.

148 førere fra 47 klubber stilte til start. Det blei ei helg fylt med topp stemning, mestring og kjøre glede. Klubben har oppgradert anlegget med ny startgrind, og alt klaffet perfekt under arrangementet.

Løpet blei gjennomført på beste måte, og depoet var fylt til randen med utøvere og deires støtteapparat. Speedwaybanen fungerte som parkeringsdepot , og

det var heilt fullt på plassen framfor klubbhuset også. Formann Omund Thu gjekk bare og smilte heile helgå. Han syns det var fantastisk og sjå så mange fornøyde utøvere og tilreisende. Under helgen var nærmere 60 frivillige på dugnad for klubben. Elgane hadde 13 førere til start. Tilbakemelding fra førere og NMF var at som vanlig, så var det et supert fint arrangement på Elgane. Generalsekretær Ottar Eide frå NMF, busatt på Bryne, tok turen innom på søndag. Han var imponert over klubben og fasilitetene. Ordfører Andreas Bjorland var med og delte ut pokaler på søndag. Han var imponert over kjøringen, og syns det var gledelig og kunne dele ut 2.plassen til Oscar Aniksdal frå Nærbø.

Gunhild D. Klingsheim



Speedway

Elgane Motorsykelklubb med speedway er i gang med årets sesong, og lørdag 9. mai deltok klubbens førere i 1. ligarunde som ble kjørt i Kristiansand.

Klubben var representert av Glenn Moi, Tage Skretting og Imre Vigre, som alle leverte god innsats på banen og fikk en sterk start på årets ligasesong. Det ble for sterkt mot Oslo & Follo laget som kjørte inn til fortjent seier. Men Elgane kunne stille seg sterkt på 2 plass, fremfor Mjøsa og hjemmelaget Kristiansand.

Nå retter vi blikket mot nye arrangement på hjemmebane. Søndag 7. juni inviterer Elgane til 2. ligarunde på 500cc. I tillegg starter dagen med de fremtidige kjørerne vårs i klassene 50-95cc.

Senere i juni, lørdag 20. juni, arrangerer Elgane også NM Par, hvor flere av landets beste speedwayførere skal kjempe om NM-tittelen.

Elgane ønsker både nye og faste tilskuere velkommen til to innholdsrike speedwayhelger med fart, spenning og god stemning.

Sett av søndag 7 juni fra kl 12.00, og lørdag 20 juni fra kl 13.00.

Ser dette spennende ut og det er ønskelig å prøve, så er det mulighet til dette på tirsdager mellom 17-20 etter avtale.

Lindy Moi Ødegård

**HERREDSVELA
TRANSPORT**
TLF: 900 75 500
Vi løser det meste innen kranbil
jorgen@herredsvela-transport.no

**HELLA
MASKIN AS**

**Varhaug
Park & Hage**
Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

Pensjonistforbundet Varhaug

Referat frå medlemsmøtet i Pensjonistforbundet Varhaug.

Så var det tid for møte att i «Pensjonisten», og tirsdag den 28. april 2026 kunne leiar Bjørg Merethe Reiestad ynskja omlag 80 personar hjarteleg velkomne til møte. Også Agnes Varhaug, vår faste «spelemann», som denne gongen hadde med seg Anne Marie Taksdal og Arild Gausland, vart ynskje velkomne. Og ikkje minst velkommen til Harry Breiland, kveldens hovudperson.

Me starta fyrst med å syngja «La oss leve for hverandre...» og deretter «Et bedre liv ...» før Bjørg M. ga ordet til Harry Breiland.

Han skulle fortelja ein litt spesiell historie om ein familie frå Hjelmeland, der han sjølv var ein del av historia.

«Harry og dei døde i Gåsdaalen».

Gåsdaalen ligg i Hjelmeland kommune. Er eit småbruk på 500 mål - 20 mål dyrka og 20 mål kulturbeite, ellers er det meste fjell. Familien, hans morfar og mormor, fekk 7 born - og av desse var det heile fem som var døde. Skulegang for døde var Internatskule, så dei laut reisa ut. Dei reiste bl. a. til Holmestrand og Oslo, der dei var under tilsyn 24 timar i døgnet. Alle vart konfirmerte ved dei skulane dei gjekk på. På slutten av 1800-talet fanns det ikkje skular for døde, men på 1900-talet vart dei pålagde å gå på skule. Dei fleste treivst godt på skulen og fekk mange vener - evig vennskap. Dei lærde teiknspråk + dei vanlege faga i tillegg til turn/kroppssøving.

Men, det var nok ikkje alltid like lett å reisa attende til skulen etter at sommarferien var over. Det var dei som gøymde seg vekk. I dag skal dei døde integrerast og gå på vanleg skule. Men mange vel likevel «reine» døveskular på grunn av miljøet. Går saman med andre «likesinna», som dei nok trivst best i lag med.

Konfeksjonsfabrikken i Stavanger - der mor hans jobba, var ein god arbeidsstad for døde. Harry si døde mor



fekk Harry «utanom ekteskap» som det heiter. Det vart ei vanskeleg tid for mora då det vart rettsak om kven barnefaren var. Dette var så stor belastning for mora, med hensyn til dei døde i Stavanger og familien i Hjelmeland, at ho valde å «ryma» til Oslo og var nærast i skjul der i 2 år. Harry vart fødd og døypt i Oslo. Born til fleire døde vart på denne tida tekne frå mødrene sine og tvangsadoptert.

Etter 2 år i Oslo flytta mora attende til Stavanger. Då det var vanskeleg å få barnepass medan ho var på arbeid vart Harry plassert og budde 2 år på Waisenhuset. Han fekk foressten telefon frå ei dame som heitte Anna Kyllingstad på 40 årsdagen sin. Ho kunne fortelja at ho var den som hadde passa på han og hatt ansvaret for han på Waisenhuset, vore «tanta» hans. Ellers fekk Harry aldri veta noko om tida i Oslo og Waisenhuset.

Harry kom til Gåsdaalen på ferie då han var 4 år. Og - han vart verande. Bestemora «slo i bordet» og kravde at Harry skulle få bu i Gåsdaalen, det var ikkje snakk om anna. Der laut bestefaren gje seg. Harry vart «maskoten» til dei døde syskena til mora.

Men han fekk ikkje gå laus, det var for farleg. Han undrast over at hunden fekk gå laus, men ikkje han? Men, når han fortel om at han var den einaste som klarte å klatra i flagstonga, trongs det vel. Han vart etter kvart godt motteken av bestefaren, og han treivst godt saman med dei døde onklane og tantene sine. Var med på bærhenting, på fisketurar og tømmerkjøring og ikkje minst med på å laga «jærstolar». Han deltok i arbeidet på småbruket..

I 1963 fekk dei straum på garden, og det største i 1965 var fjernsynet, som var eit stort gode for dei døde. Neste revolusjon var teksttelefonen - og i dag mobiltelefon. Dei er like flinke som alle oss andre med det.

Harry var den fyrste i bygda som tok artium - og bestefar var stolt. Etter militæret hjalp han til i Gåsdaalen, med rekneskap, gardsarbeid og arbeidet med «jærstolane».

Etter at besteforeldra døydd og dei døde vart åleine i Gåsdaalen valde Harry vekk Høgskulen i Trondheim og gjekk heller på den Tekniske skulen i Stavanger for å kunna hjelpa til i Gåsdaalen.

Døvesenteret i Stavanger, som og inneheld kyrkje, var eit stort samlingspunkt for alle døde på Jæren. Onkel Egil var med i styret. Det fantes og eit tidsskrift for døde der dei kunne lesa nyheiter mm. For dei døde som budde i utkantane, f.eks. dei døde i Gåsdaalen, var det høgtidsstund når døvepresten kom på besøk to gonger i året. Då vart det diska opp med flottaste middag i bestestova og dessert /kaffi attåt. Så andakt, før presten fortalde om nytt ifrå døvemiljøa.

Opp til 50 og 60-talet vart døde rekna som ei skummel gruppe. Dei laga «rare» lydar. Det bedra seg på 70-talet og godt er det, me er berre vanlege folk alle saman. Onkel Egil hadde og eit godt vennskap med både As-trid og Sem Bratland og var mykje på Varhaug.

Harry har farta mykje rundt men etablerte seg til sist med kona Johanna og to born på Ålgård. Som pensjonist har han vore med på å laga turstiar i nærområda. Han fekk «Ildsjelprisen» for 2024 og i 2025 fekk han og kona Johanna gratis reis til Idrettsgallaen i Trondheim, der dei og fekk helse på kulturministeren og statsministeren.

Han og Johanna har og fått Gjesdal kommune sin ildsjel-/frivilligpris.

Mora har han ikkje hatt så mykje kontakt med. Men ho vart gift og fekk ei dotter, så Harry har ei syster og dei held kontakten.

Etter foredraget takka Bjørg M. Harry for ei fantastisk forteljing og han fekk ein blomebukett som takk. Han ville ikkje «ha nogo» for det, hadde han sagt.

Boccia spill og kaffekos Skjærtorsdag

Vi var en gjeng på seks stykker fra Pensjonistforbundet Varhaug som var enige om å spille Boccia Skjærtorsdag. Det var en kald og temmelig sur dag, med både vind og litt regn i luften. Men vi hadde kledd oss godt, med luer og votter. Spillet gikk godt og den beste vant. Etterpå kom det kaker og kaffe på bordet. En stor oppmuntring i en ellers kald dag. En fin måte å bruke en Skjærtorsdag på, sosialt sammen med andre gode pensjonister. Bjørg M. Reiestad, leder



Det var gildt å treffa på «gamle» kjende skulevener frå gymnaset, Inger Skretting Opstad og Inger Haugstad, som var blandt tilhøyrarande i salen.

Så fekk me lov å syngja litt att. Og etter bordvers var det berre å forsyna seg av maten, som var påsmurde skjeva, kaffi/te og kringle.

Deretter åresal med trekning av fine gevinstar.

Til avslutning på ein gild kveld song me «Fager kveldssol smiler» og «Heim til Jæren».

Og Bjørg kunne takka alle som hadde kome og takk til Harry, fantastisk å høyre på. Tusen takk til alle og vel heim.

Takk til alle som var med og rydda etter møtet.

Gjertrud Edith Hobberstad
Skr./ref.



En sur og kald 18. mai

Medlemmer i Pensjonistforbundet Varhaug spilte Boccia på banen i Varhaug sentrum måndag 18. mai. Det var en regnfull og kald dag. Men pensjonistene lot seg ikkje skremme av veret. Etter ferdig spill, ble det kaffe med noe godt attåt på kafeen til Skrettingen.

Pensjonistforbundet Varhaug spiller Boccia hver måndag og torsdag kl.13.00.

Bjørg M. Reiestad, leder



BLI MED PÅ DEN KULASTE LESEKAMPANJEN I SOMMAR!

Til føresette

Frå 1. juni til 31. august kan alle som går på 1.-7. trinn delta på Sommarles.no. Sommarles gjer lesing endå kjekkare, og det er heilt gratis å vere med.

Sommarles er for alle! På Sommarles.no kan de registrere både bøker som barna har lese sjølve og bøker dei har lese saman med nokon eller lytta til (høgtlesing og lydbøker).

Kvar gong det blir registrert lesing, får deltakarane poeng og går etter kvart opp i level. I år er det tida deltakarane har brukt på lesing som gir poeng i Sommarles, framfor sider som tidlegare år. Talet på sider som er lesne vil framleis bli registrert automatisk. Barna kan både få kule digitale trofé på nettsida og

hente fysiske premiar på biblioteket. På Sommarles kan de også få lesetips og løyse oppgåver knytte til Sommarlesforteljinga for i år, som er skriven av forfattar Mari Moen Holsve.

For å bli med på Sommarles.no går de inn på nettsida som opnar 1. juni, og lagar ein profil til barnet. Har de ein profil frå i fjor kan denne framleis brukast. Om de treng hjelp, er det berre å spørje på biblioteket dykkar. Så er det berre å lese/lytte og registrere i veg!

Vi håper at de vil hjelpe barna slik at dei kan delta på lesekampanjen og få gode leseopplevingar heile sommaren! Ta gjerne turen innom biblioteket dykkar for å få vite meir.

God sommar med Sommarles.no!

Brit Obrestad

De har nok fått med dykk at Brit, Varhaugbuen sin gode kasserar gjennom mange år, har hatt bursdag. 13. mai oppnådde ho den høge alderen av 40 pluss 40 år.

Ho samla familie og venner på Lerbrekk ettermiddag på sjølve dagen, men eg fekk- på vegne av Varhaugbuen - audiens på føremiddag. Der fekk eg gitt ho takk og blomar frå styret. Eg hadde og med noko frå meg sjølv med stor takk for alle dei gilde morgonhelsingane eg er så heldig å få. Og ikkje minst takka ho for alt ho har gitt til bladet med bilde og gode innlegg. Det er ikkje alltid eg har bilde som passar til framsida. Då er det berre å kontakta Brit, uansett årstid; har du noko til framsida? Og Brit har kome bilde som høver for tida. TAKK, TAKK Brit! Eg set stor pris på deg, og er veldig glad for at du er med i styret for Varhaugbuen.

Liv



Litt frå skuletida for 80 år sidan

Det hender eg er innom Sverre Ånestad på Kydland. Sist eg var der, fekk eg låna noko han hadde skrive til eit slekt-stemne på Holmavatn for eit år sidan, om skuledagane på Auestad. Der hadde han mellom anna hatt klokkar Tunheim som lærar.

«Sidan eg budde på Kydland, med bygdevegen rett gjennom gardstunet, eller som dei gamla sa; laet, var det eit dagleg-dags syn at både klok karen og lærarinna, Signy Fitje, passerte både morgon og på ettermiddag. Så me var kjent med dei på forhånd frå våre første barneår. Men respekten var så stor at det vart nok aldri nokon kontakt før skuleplikta var eit fakta. Og me barna hadde stor respekt for han. Kanskje litt av lærdomen frå våre foreldre: «Det er klok karen, han må de ha respekt for. Om nokre år er han læraren dokkar».

Seinare hadde Sverre dette: «Det var også i mi skuletid uhøyr at jentene kom på skulen i bukser, sjølv midtvinters. Dette syntest handelsmann Gunleiv Bø ikkje gjekk an. Så han kjøpte bukse til dottera Solveig, ha ho fortalt. Men det fall på ingen måte i god jord hos klok karen; Jenter skulle ikkje gå med guteklær!

Nå er det mest like lenge sidan eg og gjekk på barneskulen, vart konfirmert i 1953, men eg var i alle fall van med bukse på skulen. Men eg husker respekten me hadde for lærarane. Alle var frøken, med unntak av ei enke, som vart titulert med fru. Dei mannlege lærarane bruka med etternamnet på. Og eg husker godt at når me møtte læra/lærarinne utanfor skulen, så helsa med dei ved å neia.

Liv



Varhaugmarken

Fredag 5. juni: Ungaløp og konsert

Lørdag 6. juni: Varhaugmila

Boder og stander i parken.



Fredag 5. og laurdag 6. juni kan me igjen heisa flaga for Varhaugmarken. Den vil som tidlegare år, starta med Ongaløpet på fredag, og så kjem den tradisjonelle Varhaugsmilå på laurdag. Og musikk vert det mykje av. Silo & Saft, skal spela på fredag, og Busserull sluttar av Marken laurdag kveld på «Varhaug sentrum park».

Begge dagane vil næringsliv, lag og organisasjonar presentera seg og sitt med «stands», der folk kan kosa seg med kaffi eller vera med på konkuransar av ymse slag.

Og hoppeslottet vil sjølvstakt vera på plass for dei minste.

Liv



R.SKRETTEING A.S



Neonparty med VBU



Fredag 17. april hadde me neonparty, og det vart ein stor suksess og ein svært vellukka kveld. Det var dansing, musikk og allsang, med mykje latter og glede rundt borda. Alle var kledde i fargar som lyste opp lokalet. Lokalet var pynta skikkeleg fint med LED-lys og UV-lampe, noko som skapte god stemning på festen. Det kom innom rundt 30 glade og kjekke ungdomar. Ein kjempekjekk kveld med kjempekjekke ungdomar!

Vaffeltevling med VBU

Tirsdag den 7. april arrangerte Varhaug Bygdeungdomslag vaffeltevling på bygdauset.

Med to vaffeljern og god tid, steikte Live Skretting og Åvar Skretting rundt 30 vaffler som deltakarane skulle eta på 3 minutt. Til start stilte BU-medlem frå Sandnes, Gjesdal og Varhaug. Starskuddet gjekk og med live-kommentering frå Live og Sanne Håland gjekk dei 3 minutta rasande. Under tevlinga hadde deltakarane vatn til å svelje ned med, og syltetøy og rømme for smaken si skuld. Kampen vart hard, men det var Trygve Gjesdal frå Gjesdal BU som stakk av med sigeren etter å ha åte heile 10 vaffler før dei 3 minutta var ute! Olav Hognestad Lea frå Sandnes BU låg ikkje langt bak med 7 vaffler, medan tredjeplassen gjekk til Åvar frå Varhaug BU med 4 vaffler. Tevlinga var ein suksess og sjåast til å arrangera igjen neste år.



BondeKompaniet
Varhaug

HelgjødseL 15 l
2 for 479,-
pr. sekk 299,-

HagegjødseL 25 kg
599,-

Hagekalk 25 kg
179,-



Velkommen til BondeKompaniet Varhaug
Åpent 8-17 (9-14)

Forbehold om trykkfeil og utsolgt

bondekompaniet.no

17. mai

Så vart det nok ein 17. mai utan korps. Men heldigvis har me gode naboar; Nærbo stilte med både musikk og drilljenter til barnetoget. Mange, mange takk!



Om pengar

Ein kan kjøpe seg:

MAT - men ikkje mathug

DROPAR - men ikkje helse

MJUKE SENER - men ikkje svevn

LÆRDOM - men ikkje vet

STAS - men ikkje venleik

GLANS - men ikkje hygge

MORO - men ikkje glede

KAMERATAR - men ikkje venskap

TENARAR - men ikkje venskap

GRÅE HÅR - men ikkje ære

ROLEGE DAGAR - men ikkje fred

SKALET av alt ein kan få for pengar, men **KJERNEN** - den kan ikkje pengar fal!

Arne Garborg

Og veret var fint. Regnet kom ikkje før på kvelden. Så dei vart nok temmeleg våte etterkvart, både flagga og dei som skulle ta dei ned.

Gildt med tradisjonen me har med å visa fram teikningar frå skule og barnehage i butikkane. Liv



Foto: Håvard Ovesen/Jærbladet

Når noen har det vanskelig

Se og bry deg

Små tegn kan bety mye.
Vis at du legger merke til personen.

Spør - på en enkel måte

«Hvordan har du det egentlig?»
«Er det noe som er vanskelig for deg nå?»

Lytt til hva personen har og si

Ikke avbryt, ikke døm, ikke bagatellisere. Stillhet er også støtte. Mennesker i krise trenger først å bli forstått - ikke fikset.

Bekreft - uten å bagatellisere eller overdramatisere.

«Dette fortjener du ikke»
«Jeg er glad du fortalte meg dette»

Ikke press - respekter tempo

La personen selv styre hvor mye de vil dele.
Det kan ta tid å være klar for hjelp.

Snakk om støtte og hjelp - sammen

«Hva kunne vært til hjelp for deg nå?»
«Vi du at vi ser på hvilke muligheter som finnes?»

Husk - du trenger ikke ha alle svarene.

Å lytte og bry seg kan være det viktigste.



Sentrum

Då eg i slutten på femtitalet arbeidde i Time kommune, kom ein svensk mann, som budde i kommunen, inn på kontoret. Han hadde gløymt eit eller anna med nokre papir han skulle levera.

Han vendte seg til meg, og sa noko slikt: «Jag trodde i min ljusblå ennfald at nå var alt var i orden...»

Det same trudde eg når det gjaldt «Sentrumstomta», men nei!

Kommunen har i mange år arbeidd med å få noko igjen for alle pengane dei måtte ut med for denne tomta. I 2020 vart det presentert teikningar og planar for utbygging med småhus, der det skulle vera butikkar i første etasje. Dette vart det jo ikkje noko av. Så kom planen om seniorbustader, og underskriftskampanjen med over 400 som skreiv på at dei ikkje ynskte noko bygging der. Me kjente til lovverket om at med meir enn 300 underskrifter mot vedtak gjort av kommunen, måtte dei sjå på saka på ny.

Eg kjenner og til at det var privatpersonar på Varhaug som ville kjøpa denne tomta, men det var ikkje godt nok for kommunen.

I staden var tomta, stilt og roleg, selt til eit by-fima. Og det gjekk unna radaren for folk flest. Og for alle oss, som var med i underskriftskampanjen. Er det verkeleg slikt at alle dei underskriftene ikkje får noko å seia i denne saka?

Firmaet i byen hadde gjort lekse si. Det viste på info-møtet dei hadde i kommunestyresalen i mars. Men det syntest som om dei ikkje visste kor og kva Varhaug var, for dei snakka heile tida om Varhaug by! . Og så var det drivhuset, som me heller ikkje forstod så mykje av. Og å laga til så mange husvære utan nok parke-ringsplassar? Det er ikkje slik som varaordføraren sa: Det finns vel ein eller annan gard, dei kan setja bilen på?

På Varhaug treng ein bil. Det går berre tog ein gong i timen. Og koss skal ein koma seg til kyrkja eller andre stader??

Seniorbustadane burde vore plassert ein annan stad, der dei kunne fått til parkeringskjellar, for eksempel på Ingrid-tomta. Så kunne me fått ein park i sentrum.

Nå skal det brukast ei mengd pengar på park på Nærbo. Er ikkje me på Varhaug og verd ein park? Sjølv om me ikkje har ein Torvund å kalla parken etter, kan me vel gjera som Olav, - heilt enkelt berre: » Varhaug Sentrum Park». Liv

--

Her må eg koma med eit PS:

Etter at eg hadde skrive dette, kom stykket i Jærbladet om å bygga ei blokk på Ingrid-tunet, med garasjekjellar. Ei bustadblokk er OK, men kvifor kunne ikkje dette vore Seniorhusværa, så hadde jo parkeringa for dei vore løyste, og me hadde fått parken vår? Det er ikkje alt me skal forstå.

Eg er klar over at det vert igjen nok grøntareal til ein park, men det er ikkje det same når den nærast kjem i «hagen deira». Liv



Innspel til reguleringsplan for Varhaug sentrum.

Innspelet gjeld den i dag enkle parken på ca 3,3 dekar mellom Rpdhusgata og Stasjonsvegen (ved jernbanelinja) Sjå foto!

Denne parken ønsker med å opparbeida vidare, slik at det blir ein fin og spennande park, liknande den flotte parken i Ålgård sentrum.

Underteikna er kjend med at reguleringsplanen er under arbeid og deretter blir lagd ut til høyring. Me frykter at reguleringsplanen vil syne tomt for seniorfellesskap på dette verdfulle og potensielt fint opparbeidde parkområdet. Dessutan står heile området inkludert asfaltområdet på nordsida, i fare for å bli seld til eit Stavanger-firma. To saker som heng i hop.

Seniorbufellesskap.

Bra at kommunen ønskjer å få etablert eit slikt bygg på Varhaug. Men me meiner eit stort bygg vil øydeleggja den aktuelle parken. Me ønskjer sterkt denne parken fordi:

1. Ein flott park vil vere viktig for trivsel. Trivsel er viktig for lokal handel, næringsliv og folk som er innom Varhaug. Ikkje minst vil parken presentere Hå kommune ved rådhuset på ein fin og verdig måte både sett frå Stasjonsvegen med fortau og sett frå tog trafikk. (Tre ved jernbanelinja bør reduserast.
2. Dei fleste eldre trur me ønskjer å bu på eit rolegare område enn den aktuelle parken.
3. Me meine det er mange tomter på Varhaug som høver betre til seniorbufellesskap. Døme er den tidlegare Stuelandstomta som grenser til Varhaug helsesenter og Varhaug misjonshus. Ved høgbyggyløysing vil det truleg vere nok å løyse ca eit dekar. Aktuelle tomter er det og på austsida av Ånestadvegen mellom Bøen storkiosk og fylkesveg 504. Til dømes er det eit par eldre hus kledd med eternittplater (asbest), som er svært aktuelle tomter. På vestsida av jernbanen kan tomt finnast på det planlagde byggefeltet Reiestadmarka (Leksaren). Dessutan er det truleg plass på ca eitt dekar på den store tomte for framtidig barnehage, nord for Toppafeltet – Alle desse tomtealternativ er døme på sentrale tomter.

Sal av den 3,3 dekar store parken.

Me er svært usamde i at eit Stavanger-firma skal få kjøpa «indrefiletten» på Varhaug. Hå kommune bør framleis eige området! – Dessutan vil i vår «inflasjonstid» aktuell nominell pris synast **urimeleg** låg om 10 år, om 20 år nærast ein «gje bort pris».

Dugnadsprosjekt.

Då vil vidare opparbeiding av den aktuelle parken bli svært billig. Truleg vil sponsorpengar dekkje alle utgifter til planter med meir, bortsett frå torgplass. Underteikna tilbyr med dette å ta del i ei styringsgruppa ilag med kommunen, der Eirik J. Varhaug er dugnadsleiar.-

Han har tidlegare vore dugnadsleiar ved opparbeiding av tri parsellar gang- og sykkelstiar etter Hå-modellen, i tillegg til mange andre dugnadsprosjekt. – Me ynskjer og å samarbeide med Hå hagelag. Alt i alt ønskjer me å tilpassa parken til bruk for Varhaugmarken, leikeplass for små barn. Tursti for eldre med meir..

Me synes og til tidlegare innsendt skriv med co 400 underskrifter.

Vonar på positivt svar på dette innspelet.

Med vyrdnad Eirik J. Varhaug

Orientering knytta til dette innspelet.

1. Innspelet vart levert til Hå kommune ved ordføraren tirsdag 24. mars.
2. Me treng altså alle desse 3,3 dekar som nå er ein enkel park, for å nå målet innspelet syner: Areal tilpassa Varhaugsmarken, leikeplass for born, tursti for eldre (med eller utan rullator). Parken skal og gje botanisk kunnskap for skuleklassar og andre. Noko av desse 3,3 dekar trengst til torgplass. – Dessutan vil parken vere med å presentere Hå kommune på ein fin og verdig måte. (Sjå foto frå opprinneleg innspel)
3. Som dugnadsprosjekt blir opparbeidinga om lag gratis for kommunen. (Sponsormidler)
4. Dersom kommunen gjev oss lov, vil me starte arbeidet så fort som råd. Først planlegging, så praktisk arbeid. Me nyttar gravemaskin der det skal til dømes plantast hekk og buskar til livd, pynt og trivsel. Når gravemaskinen snur grastorvene, vil det vere klart for planting etter få timar. Andre dekorative plantningar etter dette. Det er gildt å delta i samfunnsnyttig arbeid ilag med dyktige og arbeidsvillige dugnadsfolk!
5. Byggekostnad for seniorbufellesskap er nå 60.000 – 70.000 kroner pr. kvadratmeter. Me frykter at for få Hå-buar vil kjøpe så dyre bueiningar?

Men la oss for all del ikkje byggja ned den aktuelle parken på 3,3 dekar!

Varhaug, 26.04.2026

Eirik J. Varhaug

Nynorskdagen

12. mai er nynorsken sin dag, og eg fekk denne meldinga på PC'n:

«I dag kan du sjå mellom anna kulturministeren og Jon Fosse ynskje til lukke på Facebook».

Nå er ikkje eg på denne fjesboka, men det var nå gildt med meldinga. Vidare kunne ein lesa dette:

«Nynorsk på Oslo S. Me vil takka Bane NOR for å ha skifta til nynorsk på dei største informasjonstavlene sine på Oslo S, Nationaltheatret, Skøyen, Oslo Lufthamn, Stavanger, Bergen, Værnes og Trondheim S gjennom heile nynorskveka 6. til 12. mai.

Alle er inviterte! No er det fest, og mange av oss flaggar, nokre baker kake, nokre syng Nordmannen på jobb i barnehagen og nokre er på møte med kunnskapsministeren.

«Me er veldig glade for alle som har brukt ekstra mykje nynorsk i skulen, barnehagen, på biblioteket og mange andre stader i løpet av nynorskveka.»

(Tykte det var gildt å få denne helsinga med i Varhaugbuen)

Liv

Giroen

Eg reknar med at det var einkvan som sakna giroen i sist blad. Nei, me har ikkje slutta med den. Det var rett og slett eg som hadde gløymt å ta an med, sjølv om Brit hadde sendt meg ei liste over portotakstane. Så her kjem den nå i blad nr. 2 i staden for blad nr. 1.

Då er det slik som før at dei som har adresse utanfor Varhaug, vert rekna som «abonennnt». Men prisen i posten aukar kvart år. Det de betaler på giroen er sjølv sagt frivillig, men ynskjer de bladet 4 gonger i året, bør de i alle fall senda kr. 250. Det kostar ca kr. 60 å senda eit blad.

Liv

Det rører seg i Hå hagelag

Været har ikke vore heilt på hageglade si side, men nå håper me at det snart livnar i lunder og at det skal være trivelig å bruke tid i hagen.

Me har brukt våren flittig med mange interessante foredrag og møter.

I mars var Gunn Tone fra Lotus blomster å laga flotte påskedekorasjoner, som de heldige fekk med seg heim som gevinst på årsalget. Me var og på bedriftsbesøk hos Reve kompost, der me fekk et innblikk i kva dei driv med.

I april hadde me besøk av Tone fra Rhododendronforeningen Sør-Vest, ho fortalde om deira arbeid, og visste oss masse fine bilder fra hagen sin.

23. april var me så heldige at me fekk koma til Bondekompaniet Varhaug saman med Varhaug Bygdekvinne-lag. Takk til Bjarte og gjengen for flott tiltak. Siden 2025 er totalberedskapsåret starta kvelden med et godt og lærerikt innlegg av brannsjef Per Ivar Aniksdal, etterfulgt av demonstrasjon av Lotus grill og Vekstmiljø. Mat og årsalg høyrer også med.

4. mai var me så heldige å få besøk fra Danmark, Viola K. Mellemstrand var veldig populært med mest fullsatt bibliotekssal. Ho viste oss hvordan bruke takløg i dekorasjoner, kreative og sjove ting til hagen med bruk av gjenbruk.

7. mai hadde me plantebytte hos Tone på Bjorheim, her var det mulighet for å bytte til seg spennende planter heilt gratis. Været var på vår side denne kvelden, så det blei en sosial kveld med hagesnakk, kaffi og nysteikte lapper og kake.

Framover har me mye spennende på programmet, som du finn her i bladet.

Om du syns dette hørtet kjekt ut, er du hjertelig velkommen på våre arrangement.

Alle er hjertelig velkomne, om du er medlem eller ikke.

Følg oss gjerne på facebook – der kjem meir informasjon når det nærmer seg arrangement.

Ønsker alle ei fin tid i hagen.

May Helen



Årsplan Hå hagelag 2026/2027

- 31.05 Familiedag på Grødaland
- 11.06 Hagevandring - Mingar Walker
- 20.06 Tur sørover - Ellas hage og Kollevold staudegartneri
- 13.08 Hagevandring - Det gamle skolehuset v/ Jill Andresen på Ålgård
- 17.09 Hagelagsmøte i Lensmansløa. Tema:Joar Ravndal - Gjør hagen klar for vinteren
- 15.10 Besøke Veisholen gard, lokal produsent av gresskar - salg av mat- og prydgresskar
- 19.11 Julemøte i Lensmannsløa. - Oasen Blomster kommer å lager dekorasjoner

2027

- 14.01 Hagelagsmøte. Tema: beskjæring
- 11.02 Årsmøte

Med forbehold om endringer.

Lurer du på noe, ikkje vær redd for å ta kontakt med May Helen på 92 21 67 57

Følg oss gjerne på Facebook

Styret 2025/2026

Leiar: May Helen Skrettingland

Nestleiar: Atle Skeie

Kasserar: Eivind Siqveld

Sekretær: Thor Henrik Øvestad

Styremedlem: Åsa Bratland Bø

Styremedlem: Marit Qualbeen

Nytt frå Lerbrekk



Helga 19. - 22. mars var det måleriutstilling på Lerbrekk. Det var danskfødte Karen Roed som hadde utstillinga. Vennelaget hadde kafé i lærarbustaden. Me kunne nok ynskt det var fleire innom. Men likevel var Karen Roed nøgd med besøket. Ho hadde fått selt fleire bilete.

Det har vore sundagskafé 1. februar og 1. mars med tåleg bra besøk.

Den 13. april var det storreingjering før konfirmasjonane. Ein god gjeng på 12 personar tok eit ekstra tak med vasking av vindauge innvendig og utvendig. Lufting av tepper og ekstra vask både i lærarbustaden og i skulestovene. Det vart servert lapskaus frå Skrettingen, og Ingunn kom med sviskegraut. Oddvar og Øystein tok seg og av ekstra vask og spyling utvendig.



Sundagskafé

Det vert sundagskafé søndag den 7. juni kl. 14 - 17. Sal av vaflar, kaffi og kake.

Vel møtt til å ta kaffien saman med andre i eit triveleg miljø.

Grillkveld

Det vert grillkveld torsdag 6. august kl. 17.30. Agnes med fleire spelar. Sal av grillmat, kaffi og kaker.

Ta med stol. Alle er velkomne!

Vennelaget



**DET NORSKE
HAGESELSKAP
HÅ HAGELAG**

Årsmøte for Vennelaget Lerbrekk

12/3-26

Kl. 1900, heitte det at årsmøtet starter. Det stoggar ikkje denne gjengen frå å koma minst ein halvtime, før tida. Om det er for å få gode plasser, dei riktige plassane eller berre få ein god snakk med sidemannen, det vites ikkje.

- Klokken 1900 går Sigbjørn Varhaug opp på podiet. Møtet er satt.

Han vil først som sist takke dei som har pynta, lagt mat, styre pc og lyd og til Brit som trakterer trøorgelet.

Me åpner med å syngja No livnar det i lundar, etterfølgd av Og vesle lerka

- Innkallinga vert godkjend ved akklamasjon

- Referent for kvelden er Onar Paul Varhaug, ingen protesterte

- Sigbjørn held eit minneord etter Odd Varhaug, som var ein sterk pådriver for å bevara skulehuset. Me held 1 min stillhet

Me syng Fagert kveldsol smiler

- Årsmelding: Sigbjørn les årsmelding, den vert klappa for

- **Rekneskap:** Brit Obrestad tek oss igjennom rekneskapet. Eirik J Varhaug vil seia at det er fint å sjå at, det er fint å sjå at det går så godt med vennelaget. Høg applaus

- **Valg.** Valgstyrets leiar, Olav Husveg loser oss gjenom valget

Styrets samansettjing for 2026:

- **Sigbjørn Varhaug**, gjenvalgt leiar 1 år
- **Dag Varhaug**, gjenvalgt for 2 år
- **Onar Paul Varhaug** valgt inn i styret for 2 år.
- **Ingunn Reiestad** 1. vara 1 år
- **Aud Torunn Hobberstad** 2. vara 1 år
- **Anne Margrethe Ånestad** 1 år (ikkje på valg)
- **Brit Obrestad** 1 år(ikkje på valg)

Revisor for 2026

- **Øystein Brattland** valgt for 2 år
- **Ingvar Reiestad** 1 år (ikkje på valg)

Valnemnd for 2026

- **Svein S Varhaug** valgt for 3 år
- **Olav Husveg** 2 år (ikkje på valg)
- **Per Egil Dubbland** 1 år (ikkje på valg)

Akklamasjon for godt valg

- **Sang:** Brøyte seg rydning. Sigbjørn la merke til at den nest yngste i salen, som kom frå Bryne, men er oppvaksen på Varhaug, ikkje kjende til sangen. Spreidd humring i salen. Underteikna, 4. yngst i salen, hadde heller aldri høyrte denne melodien.

- **Ymse:** Vårreingjering. Sigbjørn kunne lokka med lapskaus til alle dei som kunne vera med på det i april, når været tillèt det.

- Mat, flotte påsmurte skjever. Egg, sild, ost, skinke og grønt tilbehør

- Åresalg, med trekknig rett etter. Flotte fruktfat, der eit var gjeva av Ekstra Varhaug, og potteplanter

Avslutta denne bolken med sangen Gud signe Noregs land

- Kvelden var ennå ikkje over, for Sigbjørn hadde spurt Oddvar og Eivind Varhaug, om dei kunne kome og fortelje om året dei var på sjøen som kvalfangarar.

Det skil 1 år på dei to brørne, og Eivind ville gjerne ut på sjøen, som sin storebror. Gutane er då 15 og 16 år gamle, i 1956.

- Avslutningssang: Kveld på Jæren

- 36 stk møtte til årsmøtet.

Onar Paul Varhaug referent



Klosettet i Prestakrysset



Kem hadde plassert dette her, og kva var meininga eller vitsen? Men, det virka som det levde sitt eige liv der oppe i krysset.

Ein dag var det vekke, men så kom det tilbake. Ein dag eg køyrde forbi, var det pynta med gule blomar. Men då eg seinare var oppom for å få med meg dette, var blomane vekke, men klosettet stod der.

Var dette eit hint til kommunen om at me treng eit offentleg toalett på Varhaug? Dette trudde eg ikkje var nødvendig her hos oss. Då er det verre på Bryne, der me kan lesa rett som det er i Jærbladet at einkvan er teken for urinerings på offentleg plass. Uff og uff, men det er ikkje alltid like lett når «bløra» vert for full.

Liv

Esso



Varhaugbuen vil gratulera ESSO med nok eit gull. «De æ goe».

Liv

Stoff-frist

Stoff frist for neste blad er

14. august 2026

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller leggja det i postkassa til Liv.


Hå historielag Årbok 2025

2. opplag av Årboka 2025 til Hå historielag er nå kome. Kan kjøpast på Norli Nærbø og Bryne.



PIZZATILBUD
STOR PIZZA
+ 1,5 BRUS
209,-

GJELDER IKKE UTKJØRING ELLER DELT PIZZA
KUN 5. OG 6. JUNI



 Ring oss
☎ 4000 56 11

Mads Ove Skrettingland Maskin



Nytt av året:
steinhenting
med kivi pekka
småsteinhenter

Kunstgjødselspreiing med GPS og seksjonstyring - Jordarbeiding -
Direktesåing 9m, tromling, sprøyting med GPS - Gjødselmiksing - Utkjøring
med 12m3 vogn - Slåing, raking, sprederive og 2 presser med filmbinding